

Lindås kommune
v/ byggesak
5914 ISDALSTØ

Silje og Paul Menzies
Storneset 16 A
5915 Hjelmås

Knarvik 12.12.014


**SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ REGULERINGSPLAN og KOMMUNEPLAN
for gbnr 195/218, Storneset Aust**

Jf. brev frå kommunen datert 24.11.2014 (tillegsdokumentasjon) er dei omsøkte tiltaka i strid med føremålet *Fellesveg* på plankartet for Reguleringsplan Storneset Aust, samt byggegrense mot same arealet. Vidare vert det også vist til at tiltaket er i strid med Kommuneplanen då det står att ein uregulert flik i det nordaustlege hjørnet av tomta, og at det då lyt søkjast om dispensasjon frå pkt 1.1 der det er sett krav om reguleringsplan for å få gjennomføre tiltak.

Dispensasjon frå reguleringsplanen jf. vegføremål og byggegrense.

Dei gjevne forholda på staden er ikkje, og har aldri vore i samsvar med reguleringsplanen. Eigedomen 195/218 eig i dag heile vegarealet og byggegrensene med. Her lyt ein også sjå tilbake både på kommunen sine vedtak om delingsløyve/oppmålingsforretning og byggeløyve som er gjeve for eigedomane 195/218 og 195/180, samt byggeløyve som er gjeve for veg/infrastruktur i denne delen av planen, her under korleis kommunen har vurdert dette tidlegare. Mellom anna vart den private tilkomstvegen FV3 laga i strid med planen, (flyfoto 2003), dette vart seinare "retta" med etablering av reg.plan Sundsbakken (planID. 1263-200909) i 2009

Det er ikkje trong for felles vegareal for tilkomst til gbnr 218 og 180 slik det er vist i planen. Vi vil tru det har vore utgangspunktet for dele/byggeløyva som kommunen har gjeve tidlegare. Vi vil også tru at dette også vart vurdert i samband med etablering av reg.plan Sundsbakken då veg 3 er lagt midt i grense mellom bnr 218 og 180, i staden for midt i/mot veg "felles vegareal" i eksisterande plan. Avstand mellom grensene er 5 meter som tilseier at det er tilstrekkeleg tilkomst direkte til veg 3 frå begge eigedomane (2,5 meter kvar).




Figur 1 FLYFOTO 2003

Elles vil vi peike på at situasjonen i dag har vore slik sidan utbygginga starta i 2003, og at alle "partar" inkludert kommunen (moa gjennom si tidlegare sakshandsaming) har akseptert løysinga som no er 11 år.

Dispensasjon frå kommuneplanen pkt 1.1- plankrav.

Det vil vere urimeleg å krevje reguleringsplan for eit slikt lite tiltak, der det er tilfeldig at eit inneklemt/utegløymt areal ligg att mellom 3 ulike reguleringsplanar. Her lyt ein også sjå på delingsløyve/byggeløyve som er gjeve for eigedomen tidlegare.

Som ein kuriositet kan ein også vise til planoppstart for Sundsbakken der dette arealet vart tatt med, seinare vart plangrensene endra, mellom anna for å rette opp forholda kring FV3, og arealet vart "utegløymd"?



Unnatak for ny nabovarsling.

Alle naboar har tidlegare aktivt samtykka til tiltaket. Det ligg føre samtykke frå 2 av naboane i høve tiltaket si redusert avstand anstand til nabogrense . Vi ber om unnatak for nytt nabovarsel i samband med denne søknaden.

Med Helsing

Silje og Paul Menzies

Kjell Reigstad
Ansvarleg søkjar